

Vurderingsnotat - veglys
Møre og Romsdal fylkeskommune
15.02.2022

Innleiing

Dette notatet viser til tidlegare saksframlegg og politiske vedtak knytt til eigarskap av veglysanlegg. Notatet omtalar også krav til veglysanlegg og tekniske forhold ved slike anlegg.

Eit veglysanlegg består til vanleg av master og lamper (lyspunkt), «tennskap», dvs. sikringsskap med straummålar og el. kablar i bakken eller over bakken via master.

Politiske føringar

Frå sak U-31/21 Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024, resultatmål I1, sitat:

«Møre og Romsdal skal minst halvere talet på hardt skadde og drepne på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal innan 2030.»

Resultatmål I5:

«Møre og Romsdal skal ha meir universell utforming, vekst i grøn transport og tryggare ferdsel for mjuke trafikantar i byar og tettstader.»

Protokoll til sak SA-98/21:

«Dersom behandling av statsbudsjettet i Stortinget gjev auka midlar til samferdsel, prioriterer utvalet trafikksikringstiltak (inkl. veglys).»

Protokoll til sak SA-38/12:

«Møre og Romsdal fylkeskommune vedtek å ta over eigarskapet til alle veglysanlegg som vi i dag betalar driftstilskot til, i tråd med framdrift og føringar som vert lagt i saksframlegget.»

Frå sak SA-38/12:

«Feil og manglar ved eldre anlegg – alle anlegga er truleg ikkje i den stand som lova krev. Det er også usikkert om det finns naudsynt dokumentasjon rundt spesifikasjonane til dei eldste anlegga. Ei mogleg løysing er at dei noverande eigarane vert ansvarlege for at veglysa er lovlege og at dette må verte dokumentert etter gjeldande lovverk før ein ev. fylkeskommunal overtaking. Om dei ikkje kan dokumentere at veglysa oppfyller noverande lovverk, vil eigar sjølve måtte demontere lysa for eiga rekning.»

Frå vedlegg 1 til sak SA-38/12 (Notat fra SVV om veglys langs fylkesveg i Møre og Romsdal, datert 27.02.2012):

«Veg- og gatebelysning bør anlegges når innsparte ulykkeskostnader oppveier kostnadene til anlegg og drift:

- ...investere i veglys der ÅDT er høyere enn 3000-3500 kjøretøy i døgnet.
- ...gi driftstilskudd til veglys der ÅDT er høyere enn ca. 1200 kjøretøy i døgnet under forutsetning av at det er en del trafikk av myke trafikanter. Strekningen skal være minst 500 meter lang (unntak for kryss og noen andre spesielle situasjoner).»

Krav til vegbelysning i vegnormalane

N100 Veg- og gateutforming stiller krav om veg- og gatebelysning for ulike dimensjoneringsklasser (kategoriseringar etter ÅDT, fartsgrense, vegbreidde) for å redusere ulykkesrisikoen i mørket. Gangfelt, rundkøyningar, ferjekaier mv. skal også ha veglys. Vegbelysning vert anbefalt når reduksjonen i samfunnsøkonomiske kostnader er i same storleik som kostnadene til anlegg og drift av belysningsanlegget.

Krav i forskrifter

Elektriske anlegg skal haldast ved like og kontrollerast, jamfør el-tilsynslova, §2, fyrste ledd:

«Elektriske anlegg skal prosjekteres, utføres, drives, vedlikeholdes og kontrolleres slik at de ikke frembyr fare for liv, helse og materielle verdier».

Det er krav om risikovurdering av elektriske anlegg, jamfør forskrift om elektriske forsyningsanlegg § 2-2:

«Det skal gjennomføres en risikovurdering for å kartlegge risiko i og i tilknytning til det elektriske anlegget. Ved utførelsen skal risikovurderingen legges til grunn for valg av løsninger. Dette skal dokumenteres.»

Risikovurderingar ligg til grunn for kor ofte ettersyn og kontroll skjer på dei elektriske anlegga. Nettselskapet har ansvaret for dei elektriske anlegga fram til tennskap/straummålaren til veglysanlegget. Etter straum-målaren er det opp til partane (kommune, fylkeskommune, lysforeining) å inngå avtalar som regulerer ansvaret for m.a. vedlikehald og kontroll av anlegget. Der lamper på fylkesveg og lamper på kommunal veg er tilkopla den same kretsen/ straummålaren, vil det vere behov for slike avtalar.

Kostnader for oppgradering av veglys eigd av andre

Kostnaden for å oppgradere veglys langs fylkesveg eigd av andre slik at veglysa vert i samsvar med dagens krav og gjeldande forskrifter er estimert til omlag 2,3 mrd. kroner, ifølge rapporten til SVV Region midt med tittelen: «Forfall på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal. Resultat av kartlegging», 1. april 2019, s. 6-7. Hornindal kommune er ikkje tatt med sidan SVV ikkje hadde god nok oversikt over denne kommunen då kartlegginga blei utført. Sitat frå rapporten s. 35:

«Summene er beregnet med forutsetning om å løfte tilstanden på veglysanleggene langs fylkesveg i Møre og Romsdal fylkeskommune opp til dagens krav og i samsvar med gjeldende forskrifter. Dette innebærer 100% utskifting av eksisterende anlegg.»

Opptak av vegbelysning/ veglysanlegg til fylkeskommunalt eige har ikkje funne stad i særleg omfang etter vedtaket i sak SA-38/12. Statens vegvesen sende brev til aktuelle kommunar den 13. februar 2014 der dei ba om tilbakemelding for å kartlegge veglysanlegga i kommunane. Vegvesenet fekk ikkje mange svar frå kommunane.

Tabell 1 og 2 under viser i kva kommunar fylkeskommunen har gitt tilskot til veglys langs fylkesveg i 2021.

BÅDALEN LYSFØRENING
c/o Willy Ormset Bådalsveien 773
6531 AVERØY

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2022/271 - 58623/2022	Kai Bedringås, 71 28 04 80	03.05.2022

Vedtak om eigarskap til veglys langs fylkesveg

Fylkestinget i Møre og Romsdal har gjort samrøystes vedtak i sak T-4/22 Veglys langs fylkesveg – eigarskap den 25. april 2022:

- «1. Fylkestinget opnar for å ta over veglysanlegg som får tilskot frå fylkeskommunen, utan å stille krav om kvalitet på anlegga før opptak. Dette gjeld om lag 160 km veglysanlegg langs fylkesveg i heile fylket.
2. Eigar av veglysanlegg som i dag tar imot driftsstøtte, kan utan vederlag overføre sitt eigarskap til fylkeskommunen.
3. Fylkeskommunen og noverande eigar skal inngå avtale om korleis veglysanlegg, som omfattar til dømes både fylkeskommunal og kommunal veg, skal driftast og haldast ved like.
4. Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at avtaleparten får ansvar for å drifte og vedlikehalde den delen av veglysanlegget som går langs eigen veg. Fysisk grensesnitt er der avtaleparten sin del av anlegget er kopla til det fylkeskommunale veglysanlegget.
5. Straum for veglysanlegg med straummålar, blir betalt av den avtaleparten som har straummålaren knytt til sin del av anlegget. Avtaleparten sin eventuelle del av straumforbruket blir berekna og fakturert ut frå sjølvkostprinsippet.
6. Overtaking av anlegg kan skje med verknad frå 1. januar 2023. Økonomiske konsekvensar av overtakinga blir innarbeidd i økonomiplan 2023-2026.
7. Dersom det er fleire veganlegg langs fylkesveg som ville fått tilskott etter gjeldande kriterium, men som per i dag ikkje får tilskott, frå fylkeskommunen, vil det bli opna for å ta over desse også. Dersom det er behov for revidering av kriteria, ber samferdselsutvalet om at det blir vurdert.

Fylkeskommunedirektøren bes om å legge fram en sak med vurdering av overtakelse av veglysanlegg langs fylkesveg som defineres som skoleveg for gående/syklende (avstand

under 6 km fra skole, uavhengig av ÅDT, og uten å stille krav om kvalitet på anleggene før overtagelse), samt veglysanlegg på fylkesveger knyttet til typiske bygdesentrum.»

Frå saksframlegget:

«Fylkeskommunedirektøren vil tilrå å ta over veglysanlegg med tilskot frå fylkeskommunen utan å stille krav om kvalitet på anlegga før opptak. Dette inneber at eigarar av veglysanlegg som i dag tar imot driftsstøtte, utan vederlag kan overføre sitt eigarskap til fylkeskommunen. Overtaking kan tidlegast skje frå 1. januar 2023, med føresetnad om at fylkeskommunen får tilbakemelding frå noverande eigar om dette før 1. juni 2022.»

Fylkeskommunen ber difor om ei snarleg tilbakemelding.

Med helsing

Ole Jan Tønnesen
fylkesvegsjef

Kai Bedringås
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Vedlegg

- 1 SA-13-22 - Vedlegg 5 -
Utredningsnotat - veglys
- 2 SA-13-22 Veglys langs fylkesveg -
eigarskap

meir enn 10 km veglys som mottar tilskot frå fylkeskommunen. Talet på km veglys som får støtte frå fylkeskommunen, varierer litt frå år til år.


Drift av veglysanlegg

Entreprenøren som har inngått elektrokontrakt med Møre og Romsdal fylkeskommune, utfører drift og vedlikehald på veglysanlegga til fylkeskommunen. Elektrokontrakten er ein fagkontrakt innan drift av fylkesveg (ramme 70). Fylkeskommunen kan via elektrokontrakten utføre enkle forbetringar som å skifte ut dårlege el. kablar og lamper på korte strekningar.

Felles eller separate veglysanlegg

Det er vanleg å skilje mellom «felles» og «separate» veglysanlegg:

1: «Felles» veglysanlegg (figur 1): Slike anlegg har felles straumforsyning som forsyner lamper på kommunal og fylkeskommunal veg i same område. Eigar av eit slikt felles veglysanlegg kan vere kommunen, fylkeskommunen eller t.d. ei lysforening. Eigaren av fellesanlegget inngår normalt avtale med den andre parten om tilskot til vedlikehald og straumforbruk.




Figur 1: Skisse av felles/ kombinert veglysanlegg for lamper langs fylkesveg og kommunal veg. Raud linje er straumkablør for veglysanlegget. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, januar 2022.

2: «Separate» veglysanlegg (figur 2): Kommunen sine lamper langs kommunal veg vert forsynt av kommunen sin straumforsyning. Fylkeskommunen sine lamper langs fylkesveg vert forsynt av separat straumforsyning eigd av fylkeskommunen. Det er altså separate anlegg med separate eigarskap og kvar sin straum-målar.

Felles veglysanlegg må byggast om til separate anlegg for å tilfredsstille kravet om måle- og styringssystem i dei tilfella der det er ønske om å separere felles veglysanlegg. Nettselskapet har plikt til å installere automatisk strømmålar (AMS) ifølge AMS-forskrifta, § 4-1: "Nettselskapet skal sørge for at AMS er installert i hvert enkelt målepunkt". Figur

1 og 2 illustrerer at ein slik separasjon av felles veglysanlegg ofte betyr ei kostbar ombygging.

Figuren under viser korleis eit felles veglysanlegg (figur 1) kan byggast om til separate veglysanlegg (figur 2). Raude linjer illustrerer straumforsyning til kommunale lamper, og svarte linjer illustrerer straumforsyning til fylkeskommunale lamper.



Figur 2: Skisse av separate veglysanlegg. Straumforsyning og lamper langs kommunale vegar er vist i raudt, og tilsvarende for fylkesveg i svart. Eitt fordelar-skap (sikringsskap) og ein strømmålar for kvart veglysanlegg. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, januar 2022.


Ei slik separering og ombygging vil i ein del tilfelle ikkje vere samfunnsøkonomisk fordelaktig. I dei tilfella der eit veglysanlegg forsyner mange vegar med ulike vegeigarar, vil det vere ei rimelegare løysing å endre eigarskapet slik det er føreslått i saksframlegget.



Figur 3: Tennskap (sikringsskap) som inneheld strømmålar, for veglysanlegg er vist til høgre i bildet (fv. 650).

Det lokale nettselskapet eig og driftar det elektriske anlegget fram til tennskapet (sikringsskapet) med strømmålar. Nettselskapet er ansvarleg for installasjon og drift av strømmålaren.

Nokre stader brukar nettselskapa dei same mastene til å forsyne bustader og verksemdar med straum til alminneleg bruk. Dette betyr enda ein aktør og truleg auka kostnader ved å separere dei ulike anlegga, sjå figuren under.



Figur 4: Nettselskapa brukar dei same lysmastene til å forsyne bustader og verksemdar med straum i nokre tilfelle (forkortinga NS står for Nettstasjon, dvs. transformator). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga, vegseksjonen: Veglysanlegg i Hordaland i 2016.

Einingskostnader knytt til veglysanlegg

Estimat for eit nytt lyspunkt med ny mast og ny lampe (LED) er 100 000 kroner pluss/minus 20 prosent. I dette beløpet inngår nødvendig grøftearbeid og kabellegging samt «skjulte kostnader» som:

- prosjektering
- innmåling
- innhente graveløyve
- undersøking av plante-artar som ikkje er ønska
- behandling av oppgravd jord, eventuell boring gjennom veg
- etablering av tilførsel frå energiselskap (anleggsbidrag)

Det vert ekstra kostnader i tettbygde strom fordi ein må ta omsyn til eksisterande infrastruktur. Eit nytt fordelingskap (tennskap/ sikringsskap) kostar om lag 80 000 kroner.

Trafikkauke og behov for vegbelysning

Vedlagte kart frå 2012 og 2021 viser trafikkutviklinga langs fylkesveg. Vegar merka blått har årstdøgnstrafikk (ÅDT) over 3000. Karta viser at trafikken aukar (spesielt på Sunnmøre), og behovet for vegbelysning aukar med aukande ÅDT.

Kva er status knytt til veglysanlegg i andre fylke?

Eigarstrukturen er ikkje avklara for ca. 90 prosent av veglysanlegga på fylkesveg i Hordaland, ifølge notatet «Veglysanlegg i Hordaland i 2016» frå vegseksjonen i samferdselsavdelinga i tidlegare Hordaland fylkeskommune. Situasjonen der er altså ikkje ulik vår.

Tabell 1: Kommunar på Sunnmøre som mottar tilskot til veglys langs fylkesveg i 2021

DRIFTSTILSKOT VEGLYS FYLKESVEG, SUNNMØRE, 2021					
Anleggseigar		Lengde (km)			
		Lysintensitet >0,7 cd/m ²	Lysintensitet >1,0 cd/m ²	Lysintensitet >1,5 cd/m ²	Lysintensitet >2,0 cd/m ²
Ålesund kommune		14,48	13,73		0,20
Sula kommune			0,81		
Giske kommune		7,00			
Ørsta kommune		0,36	1,56	0,08	
Volda kommune		1,59			0,16
Herøy kommune			14,03		
Ulstein kommune			4,29		
Hareid kommune			5,87		
Sykkylven Energi AS			4,02		
Stranda kommune		1,12	3,00		
Sum (km)		24,54	47,31	0,08	0,36
Total lengde (km)	72				

Tabell 1 viser at veglys med ei lengde på 72 km på Sunnmøre som mottar tilskot frå fylkeskommunen. Tilsvarende, tabellen under viser at det er veglys på 90 km i Nordmøre og Romsdal som mottar tilskot frå fylkeskommunen.

Tabell 2: Kommunar på Nordmøre og Romsdal som mottar tilskot til veglys langs fylkesveg i 2021

DRIFTSTILSKOT VEGLYS FYLKESVEG, NORDMØRE OG ROMSDAL, 2021					
Anleggseigar		Lengde (km)			
		Lysintensitet >0,7 cd/m ²	Lysintensitet >1,0 cd/m ²	Lysintensitet >1,5 cd/m ²	
Molde kommune			20,40		
Kristiansund kommune			10,99		
Vestnes kommune		0,55	10,35		
Rauma kommune			1,24	0,23	
Aukra kommune			13,09		
Hustadvika kommune		3,04	9,02		
Bådalen Lysforening			7,55		
Bruhagen Lysforening			1,94		
Kårvåg Lysforening			2,79		
Sunndal kommune		0,48	2,87		
Surnadal kommune			5,18		
Sum (km)		4,07	85,41	0,23	
Total lengde (km)	90				

Tabell 1 og 2 viser i kva kommunar veglys langs fylkesveg som mottar tilskot frå fylkeskommunen. Ålesund, Herøy, Molde, Kristiansund, Vestnes, Aukra har kvar for seg



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
05.01.2022	1192/2022	Kai Bedringås

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	02.03.2022
	Fylkeskommunedirektøren - innstilling	23.03.2022
	Fylkesutvalet	05.04.2022
	Fylkestinget	25.04.2022

Veglys langs fylkesveg - eigarskap

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget opnar for å ta over veglysanlegg som får tilskot frå fylkeskommunen, utan å stille krav om kvalitet på anlegga før opptak. Dette gjeld om lag 160 km veglysanlegg langs fylkesveg i heile fylket.
2. Eigar av veglysanlegg som i dag tar imot driftsstøtte, kan utan vederlag overføre sitt eigarskap til fylkeskommunen.
3. Fylkeskommunen og noverande eigar skal inngå avtale om korleis veglysanlegg, som omfattar til dømes både fylkeskommunal og kommunal veg, skal driftast og haldast ved like.
4. Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at avtaleparten får ansvar for å drifte og vedlikehalde den delen av veglysanlegget som går langs eigen veg. Fysisk grensesnitt er der avtaleparten sin del av anlegget er kopla til det fylkeskommunale veglysanlegget.
5. Straum for veglysanlegg med straummålar, blir betalt av den avtaleparten som har straummålaren knytt til sin del av anlegget. Avtaleparten sin eventuelle del av straumforbruket blir berekna og fakturert ut frå sjølvkostprinsippet.
6. Overtaking av anlegg kan skje med verknad frå 1. januar 2023. Økonomiske konsekvensar av overtakinga blir innarbeidd i økonomiplan 2023-2026.

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune eig vel 3 471 km fylkesveg (inkludert 188 km gang- og sykkelveg), ifølge vegkart.no. Fylkeskommunen eig 230 km lysanlegg langs fylkesveg.

Det er fleire eigarar til veglysanlegg langs fylkesvegane våre. I tillegg til fylkeskommunen, eig kommunar i Møre og Romsdal og private «veglyslag» veglysanlegg langs fylkesvegane. Dei sistnemnde eig veglysanlegg etablert dels grunna trafikktrygging – dels grunna «tettstadutvikling», og at nettselskapa ikkje kan stå som eigarar etter 2010.

Det er andre eigarar enn fylkeskommunen av veglysanlegg på til saman ca. 567 km fylkesveg, ifølge Vegvesenet sin rapport «Forfall på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal», april 2019, side 35:

- Av desse er det veglysanlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen på omlag 170 km (nyaste tal er 162 km, 160 km er bruka heretter, dette talet varierer litt frå år til år).
- 397 km veglysanlegg eigd av andre som ikkje mottar driftstilskot frå fylkeskommunen

Fokus i denne saka er på veglysanlegg som er eigd av andre og der fylkeskommunen gir driftstilskot, dvs. om lag 160 km veglysanlegg.

Tabell 1: Eigarskap til veglysanlegg langs fylkesveg i Møre og Romsdal

Eigar	Lengde (km)	Kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune	230	Ifølge vegkart.no
Andre eigarar	160	Får tilskot frå fylkeskommunen
Andre eigarar	397	Utan tilskot frå fylkeskommunen
Sum	787	

Vedlikehaldsetterslepet på veglysanlegga er stort. Kartlegginga til Statens vegvesen (SVV) i 2019 (ref. nemnde rapport) konkluderer med eit beløp på nær 669 mill. 2019-kroner for 170 km fylkesveg med tilskotsordning. Når ein tar omsyn til at fylkeskommunen nyttar om lag 5,4 mill. kroner kvart år på tilskot til drift, er det sjølvsagt at forfallet ikkje blir stoppa med slik ressursbruk – det aukar. Etterslepet på nær 669 mill. 2019-kroner gir ein kostnad for å rette opp etterslepet per km veglysanlegg på nesten 4 mill. 2019-kroner. Det er også etterslep på dei resterande veglysanlegga eigd av andre. Dette etterslepet har SVV berekna til om lag 1 587 mill. 2019-kroner.

Det er betydelege utfordringar med dagens struktur, knytt til vedlikehald/oppgraderingar og drift av desse veglysanlegga. Fylkeskommunen kan av budsjett- og rekneskapsgrunnar ikkje nytte investeringsmidlar for å utbetre kommunalt eller privat eigde veglysanlegg, sjølv om desse går langs fylkesveg. Kommunane ønskjer ikkje å nytte midlar til oppgradering og vedlikehald av veglys langs vegstrekningar dei ikkje har ansvar for eller eigarskap til. Eigarskapsstrukturen inneber dermed at ansvaret for oppfølginga av desse anlegga blir pulverisert.

Dersom fylkeskommunen tar over nemnte 160 km veglysanlegg, får dette økonomiske konsekvensar:

- Spart tilskot på om lag 5,4 mill. kroner per år
- Ekstra årlege driftskostnader (inkl. straum) for 160 km veglysanlegg:
25 000 kr per km x 160 km = 4,0 mill. kroner
- Framtidig kostnad for oppgradering av 160 km veglysanlegg – i storleiken 669 mill. 2019-kroner

Fleire kommunar ber om at veg- og gatelys som står langs fylkesveg og blir drifta av kommunen, vert overført til fylkeskommunen.

Vurdering

Vegbelysning er eit viktig trafikktryggingstiltak, særleg for mjuke trafikantar. Eit eksempel er stader der mange mjuke trafikantar kryssar høgtrafikkerte vegar. Fylkeskommunedirektøren er av den oppfatning at der det er etablert veglysanlegg, og dette er fagleg fundert (dvs. får driftstilskot), må desse, på lik linje med trafikklys, rekkverk mv. vere ein del av veganlegget.

Det er viktig å skilje mellom veglysanlegg som får driftstilskot og veglysanlegg som ikkje mottar støtte. Fylkeskommunedirektøren vil presisere at fylkeskommunen ikkje bør ta over veglysanlegg som per i dag ikkje mottar støtte, då kostnaden med desse anlegga er vurdert å vere større enn nytten. Det handlar om å skilje mellom det vi må gjere og det vi kan gjere, særleg med omsyn til det omfattande vedlikehaldsetterslepet og prioritering av knappe midlar.

Ei årsak til at opptak av veglys ikkje har funne stad i vesentleg omfang i samsvar med vedtak i sak SA-38/12 (politiske føringar og vedtak - sjå vedlagte vurderingsnotat), er at kravet til teknisk tilstand for opptak var for høgt.

Konsekvensen av manglande oppgradering av veglys eigd av andre langs fylkesveg, er at den tekniske tilstanden for desse lysanlegga fell.

Gjeldande økonomiplan har 6 mill. kroner årleg til investering i veglysanlegg. Storparten av dette beløpet vil i 2022 gå med til veglys i Sykkylven, jf. sak SA-62/21 «Bygging av rundkøyring i Sykkylven, prosjektdefinisjon».

Tilråding

Fylkeskommunedirektøren vil tilrå å ta over veglysanlegg med tilskot frå fylkeskommunen utan å stille krav om kvalitet på anlegga før opptak. Dette inneber at eigarar av veglysanlegg som i dag tar imot driftsstøtte, utan vederlag kan overføre sitt eigarskap til fylkeskommunen. Overtaking kan tidlegast skje frå 1. januar 2023, med føresetnad om at fylkeskommunen får tilbakemelding frå noverande eigar om dette før 1. juni 2022.

Eksisterande dokumentasjon av nemnte anlegg vert oversendt til fylkeskommunen samstundes med opptak av anlegga.

Fylkeskommunen og noverande eigarar må inngå avtalar om korleis felles veglysanlegg (som omfattar til dømes både fylkeskommunal og kommunal veg) skal driftast. Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at avtalepartane tar ansvaret for drift og vedlikehald av veglysanlegget langs eigen veg.

Straum for veglysanlegg med straummålar, blir betalt av den avtaleparten som har straummålaren knytt til sin del av anlegget. Avtaleparten sin eventuelle del av straumforbruket blir berekna og fakturert ut frå sjølvkostprinsippet. Fysisk grensesnitt er der avtaleparten sitt anlegg er kopla til det fylkeskommunale anlegget.

Fylkeskommunen kan med dette vedtaket ta over ein kostnad frå mange eigarar av veglys.

Fylkeskommunedirektøren understrekar at dette ikkje er ein garanti for noko anna enn at drift, vedlikehald og eventuell oppgradering skjer innanfor dei gjeldande fylkeskommunale økonomiske rammene.

Fylkeskommunen vil etter dette kunne eige ca. (230 + 160) 390 km veglys langs fylkesveg. 397 km veglys langs fylkesveg vil framleis vere eigd og drifta av andre, utan fylkeskommunen sin medverknad.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Arild Fuglseth
samferdselsdirektør

Vedlegg

- 1 2014-13-02 SVV - Eierskap av veglysanlegg langs fylkes- og riksveger i Møre og Romsdal
- 2 2012-02-27 - SVV - Prinsippavklaring investering og drift veglys fylkesveger
- 3 2012-03-29 Vegkart
- 4 2021-11-15 Vegkart
- 5 Utredningsnotat - veglys